



J13-jentene jublar etter 3. siger på ei veke.

**Dei to unge fotballspelarane Martin Arnesen(G13) og Hanna Tvilde(J13) er begge tekne ut til kretslagssamling 10.mai. Uttaket baserer seg på 5 samlingar på Hordaland Fotballkrets sin fotballskule tidlegare i år. Hanna spelar til dagleg på Rosendal/Uskedal medan Martin er inne i sin andre sesong i Trio.**

Hanna får med seg 2 lagvenninner, Anikka Øye Guddal og Sigrid Øyre, på samlinga, medan Martin får med seg 3 andre Trio-spelarar: Daniel Normann, Ole Tobias Brendeland og Torstein Olderkjer. Samlinga er ei kampturnering og det er teke ut 75 gutar og 50 jenter frå heile fotballkretsen.

I går kveld spela Hanna og lagvenninnene kamp mot Halsnøy, og ho scora einaste målet då dei vann 1 - 0 mot eit godt lag.

Referat frå kampen mot Halsnøy finn de ved å [klikka inn på RT si heimeside](#).

Namn på spelarane som er [uttekne til samlinga finn de her](#).

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto frå RT si heimeside